



Aukra kommune

# RUTINE

## **SAMARBEID MELLOM HELSESTASJON OG BARNEHAGANE I AUKRA**

Samarbeid mellom barnehagane og helsestasjonen i Aukra kommune har lange og gode tradisjonar.

Leiinga i barnehagen og helsestasjon har eit felles og gjensidig ansvar for å utvikle rammer og rutinar for eit godt samarbeid. Dette samarbeidet skal organiserast både på systemnivå og på individnivå.

Samarbeid på individnivå forutset eit samtykke frå føresette.

### **Samarbeid om enkeltbarn**

#### **Tverrfagleg samarbeid med samtykke frå føresette**

For å kunne vurdere eit barn og familiens behov og gi best mogleg støtte, er det viktig med eit godt samarbeid mellom barn, foreldre og tilsette. For at tilsette i barnehage og helsestasjon skal kunne støtte barn og deira familiesituasjon, må det gis samtykke frå føresette til samhandling mellom helsestasjon og barnehage. Det er den eller dei som har foreldreansvar for barnet som har rett til å samtykke på vegne av barnet. Det skriftlege eller munnlege samtykket skal sikre at foreldre veit kva slags opplysningar som blir utveksla. Både helsestasjon og barnehagane har rutinar for bruk av samtykke.

#### **Ved oppstart i barnehagen:**

Dersom helsestasjonen kjenner til særskilte behov eller vanskar hos barn eller deira foreldre som kan krevje ekstra tilrettelegging ved oppstart i barnehagen, vil helsesjukepleiar be føresette om samtykke til å underrette barnehagen om dette. Det kan også vere aktuelt med eit samarbeidsmøte før oppstart. Ansvarleg helsesjukepleiar for det aktuelle barnet har ansvar for å følgje opp dette.

### **Tverrfagleg småbarnsteam**

Det gjennomførast regelmessige tverrfagleg småbarnsteam i kommunen. Teamet består av styrar/assisterande styrar/pedagogisk leiar og evt. andre tilsette i barnehagane ved behov, helsesjukepleier, PPT og barnevernstenesta. Her drøftast konkrete saker anonymt eller evt. ope dersom samtykke frå føresette er innhenta. Kan også drøfte generelle saker. Sakene



Aukra kommune  
meldes inn på førehand. Helsesjukepleiar er ansvarleg for å kalle inn til møte minst to gonger i halvåret.

På desse møta kan ein også diskutere faglege tema og einast om kva råd/retteleing ein skal gje foreldre om for eksempel søvn/rutinar, skjermbruk, tilknytning, samspel, kosthald/ernæring.

## **Barn og språk**

Alle barn må få eit rikt og variert språkmiljø i barnehagen. Nokon barn har sein språkutvikling eller andre språkproblem. Dei må få tidleg og god hjelp.

Helsestasjonen gjennomfører systematisk språk-kartlegging «Sats» når barnet er 2 år og Språk 4 ved 4 år. Syn og høyrsel sjekkast rutinemessig på 4- årskontroll.

### **Samarbeid barnehage, helsestasjon og føresette:**

I eit samarbeid med føresette kan vi bidra til betre kvalitet på språkkartlegging av dei små – og betre oppfølging av det enkelte barn. Dersom det avdekkast at det er behov for å være merksam på eit barns språkutvikling ved 2 eller 4-årsalder, bes det om samtykke frå føresette til samarbeid om vidare oppfølging mellom helsestasjon og barnehage.

Helsestasjonen formidlar resultat til føresette og barnehagen (m/samtykke frå foreldre) der det er grunn til vidare oppfølging. Dersom det er vanskeleg å gjennomføre kartlegging på barn ved helsestasjonen, pga. for eksempel sjenanse, kan det avtalast at kartlegging gjennomførast i barnehagen. Helsestasjonen er ansvarleg for vidare oppfølging av syn, høyrsel m.m. dersom funn ved konsultasjonen tilseier dette. Det gjerast konkrete avtaler for vidare samarbeid.

Det er viktig å være klar over at det ikkje er rutinemessig konsultasjon mellom 2 og 4 år. Dersom barnehagen i denne periode avdekker forhold som gir bekymring, må barnehagen vurdere behovet for å involvere helsestasjonen.

## **Barn som pårørande**

Ved alvorleg sjukdom og evt. dødsfall i familiane er det viktig at barna blir godt varetekne og at dei vaksne som møter barna/familiane er kjend med situasjonen. Helsestasjonen og barnehagen har eit gjensidig ansvar for å be om samtykke til å opprette samarbeid ved slike hendingar.

## **Overgang barnehage - skole**

For å kunne forstå eit barn sine behov og familien til barnet sine behov - og gi best mogleg støtte - er det viktig med godt samarbeid mellom barn, foreldre og tilsette. Det er eit felles ansvar å bidra til at skolen får nødvendig informasjon slik at overgangen blir trygg og god for barnet. Alle barn og familiar følges i oppveksten opp av helsestasjonen. Når barna startar på skolen overtar skolehelsetenesta. Formålet til skolehelsetenesta er, i samarbeid med skolen, å fremme elevanes helse, trivsel og læring og å auke deira helsekompetanse. Ved at skolehelsetenesta deltar i overgangsmøter mellom barnehage og skole, vil det kunne leggast



Aukra kommune  
til rette for tidleg innsats i skolen ved behov. Det bes om samtykke til informasjonsdeling som ein del av oppsummering etter siste barne- og foreldresamtale før skolestart. Føresette kan reservere seg mot at informasjon deles med skole, SFO eller skolehelsetenesta.

### **Helsestasjonens skolestartkonsultasjon:**

Jamfør faglege retningslinjer for helsestasjons- og skolehelsetenesta vil skolestartkonsultasjonane gjennomførast i løpet av 1. skoleår. Dersom det kjem fram informasjon i overgangsmøter med skolen som inneber at eit barn har behov for tettare oppfølging i skolen, kan skolehelsetenesta ut frå dette iverksette individuelle tiltak ved til dømes å framskynde skolestartkonsultasjonen for den/dei det gjeld.

## **Helseoppfølging**

### **Eigenerklæring for barnets helse**

Målet er samarbeid om å sikre alle barn tilgang til helseoppfølging og vaksinasjonsprogram. Nokon føresette kan ha behov for støtte til utfylling av eigenerklæring, dette kan også være familiar som det er viktig for helsestasjonen å få oversikt over. Helsestasjonen har også kompetanse og ansvar for å følge opp eventuelt manglar i for eksempel vaksiner el.

- Kvar barnehage må sørge for å ha rutine for innhenting av helseerklæring for alle barn før barnet startar i barnehagen.
- Ved behov for støtte til utfylling før oppstart i barnehage bes føresette ta kontakt med helsestasjonen..
- Dersom det markerast i helseerklæring for at barnet ikkje har fylgt dei vanlege kontrollar på helsestasjonen – ber barnehagen familien ta kontakt med helsestasjonen for vidare oppfølging og utfylling av erklæringa. Vær spesielt obs på arbeidsinnvandrarar, familiejenforeinte mfl. i forhold til tuberkulosesmitte.

## **Smittevern**

### **Rutine smittevern – særskilte tiltak**

#### **Ny-busette:**

Kommunen sin flyktingteneste melder busetting til helsestasjon, som kvalitetssikrar at nødvendig helsekartlegging gjennomførast.

- Familiejenforeinte og arbeidsinnvandrarar kan være ei meir differensiert gruppe. Viktig at vi fangar dei opp ved bruk av eigenerklæringa før oppstart i barnehage.
- Helsestasjon eller smittevernlege kan kontaktast for rettleiing knytt til spørsmål om smittevern overfor barn på generelt grunnlag. Dersom spørsmål er knytt til enkeltbarn må samtykke frå foreldre innhentast.

### **Spesielt om tuberkulose:**



Aukra kommune

I eigenerklæring for barnet si helse, blir føresette før oppstart i barnehage spurt om barnet eller familien har vært i land med høy forekomst av tuberkulose, jf. råd frå Folkehelseinstituttet. Dersom dei svarer ja på dette, skal barn og familien gjennomgå tuberkuloseundersøking etter eigne retningslinjer.

Følgande har plikt til tuberkuloseundersøking:

- Personar som kjem frå land med høy forekomst - dersom dei skal opphalde seg meir enn tre månadar i Norge.
- Alle flyktningar og asylsøkarar, sjølv om dei kjem frå eit land som ikkje står på lista over land med høg forekomst

## **Legemiddel handtering**

Handtering av legemidlar til barn er skildra i eigen rutine. Lik prosedyre for barnehage og skole. Denne prosedyren ligg i kommunen sitt kvalitetssystem – compilo.

Barnehagen tek kontakt med helsestasjon dersom dei treng bistand frå helsesjukepleiar.